



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Referat

Møte/utval:	Strategisk samarbeidsutval	
Møteleiar:	Tanja Thalèn	
Referent:	Bodil Haugen Våge	
Møtenummer:	2/2023	
Dato:	22.03.23	
Tid:	10:00.00 – 15:30	
Stad:	Vestnes Fjordhotell	

Vara medlemmar møter berre ved særskilt innkalling.

Namn	Tittel	Møtt
LSU Volda		
Svein Berg-Rusten for Mona Bakke	Vararepresentant kommune LSU Volda Kommunalsjef Volda kommune	Forfall
Mona Ryste <i>Leiar Strategisk samarbeidsutval</i>	Nestleiar LSU Volda Rådgjevar Klinik Volda sjukehus	Forfall
LSU Ålesund		
Synnøve Vasstrand Synnes	Leiar LSU Ålesund Kommunalsjef Ålesund kommune	ja
Siri Talseth-Frilund,	Nestleiar LSU Ålesund Avdelingssjef medisin Ålesund sjukehus	ja
LSU Molde		
Tanja Thalen <i>Nestleiar Strategisk samarbeidsutval</i>	Leiar LSU Molde Kommunalsjef Molde kommune	Ja
Trude Solenes	Nestleiar LSU Molde Avdelingssjef, Klinik SNR Molde sjukehus	Ja
LSU Kristiansund		
Ingeborg Johnsrud Dyrnes	Leiar LSU Kristiansund Kommunalsjef helse, Smøla kommune	Forfall
Kjell Åsmund Bryn	Nestleiar LSU Kristiansund Seksjonsleder BUP Kristiansund klinik SNR	Gudrun Karlsen
Brukrepresentant kommune		
Helge Hansen	PROFO (Prostatakreftforeininga)	Ja
Brukrepresentant helseføretak		
Paula Næss Skår	Leiar Brukarutvalet HMR	Forfall
Fastlege/PK		
Stian Endresen	Fastlege Ulstein kommune Leiar praksiskonsulentordninga HMR	Ja
Fast vara fastlegar/PK		
Thilde Svela	Fastlege Molde kommune, praksiskonsulent	Ja
Observatør Statsforvaltaren		
Grethe Teigland	Direktør Helse- og sosialavdelinga	Ja
Felles samarbeidssekretariat		
Eli Otterlei	Samhandlingssjef HMR, leiar Felles samarbeidssekretariat	Ja
Karethe K. Aam	Rådgjevar i samhandlingsseksjonen HMR HF	Ja
Jan Erik Hovdenakk	Samhandlingskoordinator ROR Kommunalsjef drift og forvaltning Aukra kommune	Ja
Bjørn Buan	Samhandlingskoordinator Nordmøre (NIPR) kommuneoverlege Surnadal Kommune	Forfall
Bodil Haugen Våge	Samhandlingskoordinator Nordre Sunnmøre SR Felles sekretariatsfunksjon for kommunane Rådgjevar Helse Ålesund kommune	Ja
Oddvar Marøy	Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre SR og 7 stjerna	Ja
Stian Endresen	Leiar praksiskonsulentordninga, fastlege Ulstein kommune	ja



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Referat

Saksliste med referat

Sak nr.	Sak	Ansvarleg
	Velkomen!	Tanja Thalèn
8/23	<p>Godkjenning av innkallinga Godkjenning av referat frå førre møte Sjå referatet HER</p> <p>Referat: Stian Endresen melder sak til eventuelt: Informasjon på ulike språk til minoritetsspråklege.</p>	Tanja Thalèn
09/23	<p>Orienteringssak med vedtak: Pakkeforløp heim kreft – resultat etter arbeidet i arbeidsgruppa, 20 minutt</p> <ul style="list-style-type: none"> - Dialog og innspel, 25 minutt <p>Referat: Presentasjon. Samhandlingspunkt 1: Ein veg ut til kommunane til saksbehandlartenesta i kommunen. Overgangen er det kritiske punktet. Dersom nokon takkar nei i utgangspunktet, vil ein likevel kunne Pakkeforløpet og kontaktpunktet i kommunen skal leggast ut på heimesidene i alle kommunane. Samhandlingspunkt 2 og 3: Alle kommunar lagar sine prosedyrar på oppfølging. Forslag er sendt ut til kommunane, men dei vil likevel vere noko ulike. Arbeidsgruppa avsluttar sitt arbeid i september og overleverer sitt arbeid for vidare oppfølging i fagutval. Vedtak: SSU ber om at LSU'ane tek arbeidet med Pakkeforløp Heim vidare og sørger for at dette pakkeforløpet vert kjent og implementert i sine lokale område. Arbeidsgruppa består fram til september når det er gjennomført ei kartlegging av arbeidet med implementering og prosedyrar i kommunane så langt. Dette bør gjerast i tett samarbeid med Fagleg samarbeidsutval for multisjuke, stormottakar og palliasjon og Fagleg samarbeidsutval for rehabilitering.</p>	Tanja Alme – Kreftkoordinator Sula kommune Eli Otterlei – Samhandlingssjef HMR
10/23	<p>Orienteringssak: Digital heimeoppfølging: Måling og Meistring på Søre Sunnmøre Status spreiingsprosjekt i regi av Helsedirektoratet.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Spørsmål og dialog <p>Referat:</p>	Linda Nedreli Vatne-Prosjektleiar og sjukepleiar legevakt, Søre Sunnmøre legevakt



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Referat

	<p>Presentasjon.</p> <p>Volda, Ørsta og Ulstein kommune er igang med prosjektet ilag med Volda sjukehus.</p> <p>Forankringa i legevaka handlar om noko ledig kapasitet etter nedtrapping knytt til koronasituasjonen. Det er gjort grundige kartleggingar i kommunane på søre Sunnmøre. I tillegg er det jobba med mål for prosjektet.</p> <p>InnoMed er rettleiar for prosjektet. Tema som innkjøp av utstyr og responsenter bør ein samarbeide om.</p> <p>Prosjektet er også viktig å samarbeide om på tvers av fylket. Det skal etablerast eit team på legevaka som skal følgje opp både ambulant og via telefon/ video. Teamet skal t.d. handtere plan for forverring som vert følt opp med ulike målingar.</p> <p>Innspel: Det kjem opp spørsmål om heimetenestane i kommunane er involverte.</p> <p>Prosjektet bør knytast opp til arbeidet i helseføretaket med behovsstyrte poliklinikkar og digital oppfølging/ monitorering i heimen.</p> <p>Vedtak: SSU tek orienteringa til vitande.</p>	<p>Karianne Orvik-Koordinator velferdsteknologi Heimeteneste, Volda kommune</p> <p>Lisbeth Hoggen Totland –Helsesjukepleiar og assisterande prosjektleiar, Søre Sunnmøre legevakt</p>
11/23	<p>Vedtakssak:</p> <p>Møteplass Møre og Romsdal</p> <p>Ny retningsline for samarbeid mellom fastlegar og sjukehus Spørsmål og dialog</p> <p>Referat: Presentasjon ved Stian Endresen. Retningslinja er ei beskriving av korleis ein arbeider pr. i dag. Retningslinja er eit godt dokument, men den burde ha vore presentert i LSUane på same måte som andre retningslinjer i helsefellesskapet. Utviding av Fagleg samarbeidsutval for behandlarsamarbeid vil ikkje bida til auka kostnadane verken for kommunar eller helseføretak.</p> <p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) SSU godkjenner Møteplass Møre og Romsdal-dokumentet og ber om at Fagleg samarbeidsutval for behandlarsamarbeid sender dette ut til alle involverte partar snarast. 2) SSU tek til vitande at utvalet er utvida med fleire representantar frå både fastlegesida og sjukehus-sida. 3) Retningslinja skal presenterast for LSUane. 	<p>Stian Endresen - Fastlege og leiar av praksiskonsulentordninga Mariann Gammelsæther - Medisinsk fagsjef Fagavdelinga HMR HF</p>
	LUNSJ	



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Referat

12/23	<p>Orienteringssak:</p> <p>Orientering og oppsummering om gjennomført konferanse 7. og 8. mars for heile fylket: «Samhandling rundt pasientar;brukarar med alvorleg psykisk sjukdom og valdsproblematikk»</p> <p>Det blir satt av 30 min til orientering om konferansen og 30 minutt til spørsmål og drøfting av vegen vidare.</p> <p>Referat:</p> <p>Presentasjon.</p> <p><u>Det er gjennomført 2 fagdagar knytt til samhandlinga rundt brukarar med alvorleg psykisk sjukdom og valdsproblematikk.</u></p> <p>Dag 2 vart nytta til å kartlegge ulike barrierar i samhandlinga. Eksempel her handlar om ulik situasjonsforståing, utilstrekkeleg lovverk, store regionale og lokale variasjonar. Ein jobba også med suksesskriteria som til dømes tidleg kontaktetablering, styrking av samhandlinga med politi og påtale, felles utforming av vern og kriseplan.</p> <p>Kva gjer ein vidare i tillegg til å legge dette fram for SSU?</p> <p>Referat:</p> <p>Desse pasientane finn ein både i sjukeheimar og i butenesta – kva rolle har fastlegar og tilsynslegar i dette?</p> <p>Pasientane som har vore innom sikkerheitspsykiatrien har eigen kontaktlege i sjukehus, så rolla til fastlegen er noko nedtona. Populasjonen i høve denne pasientgruppa aukar eksplosivt i Møre og Romsdal. Det hastar med eit arbeid på dette området. Det er viktig å involvere både politi og barnevern i arbeidet. Det må vere fagpersonar involverte som har kompetanse på dette området og som er engasjerte både frå kommune og helseføretak.</p> <p>Fagutval for psykisk helse og rus bør få ei rolle i dette arbeidet.</p> <p>Temaet bør også settast fokus på i eit leiarseminar på fylkesnivå i tillegg til samhandling generelt.</p> <p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> SSU tek orientering om konferansen «Samhandling rundt brukarar med alvorleg psykisk sjukdom og valdsproblematikk» til vitande. SSU gir Fagleg samarbeidsutval for psykisk helse og rus i oppdrag å vurdere korleis arbeidet skal takast vidare når det gjeld å utarbeide felles retningslinjer for pasientgruppa i samarbeid med kommunalsjef Siv Iren Stormo Anderson og einingsleiar ved Sikkerheitsposten i Ålesund, Anders Follesø. Skal presenterast i SSU møtet 14.06.23. 	<p>Andreas Follesø - Seksjonsleder avdeling for sjukehuspsykiatri Sunnmøre</p> <p>Siv Iren Stormo Anderson – kommunalsjef Kristiansund kommune</p>
	PAUSE	



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Referat

13/23	<p>Drøftingssak:</p> <p>Kommunikasjonsstrategi for helsefellesskapet</p> <p>Korleis kan Helsefellesskapet bli betre kjend for innbyggjarane i Møre og Romsdal og hos tilsette i kommunar og helseføretak?</p> <p>Innlegg ved Sissel Ørstavik Aase</p> <ul style="list-style-type: none"> - Drøfting og idèmyldring <p>Referat:</p> <p>Presentasjon av nettsidene til Helsefellesskap Møre og Romsdal som pr i dag ligg på Helse Møre og Romsdal HF sine sider.</p> <p>Det er flott viss ein finn link til sida i alle kommunane. Den alminnelege innbyggjar og tilsette er kanskje ikkje primærinteressentar ift helsefellesskapet. Dei vil sannsynlegvis ha størst interesse for konkrete prosjekt. Helsefellesskapet er først og fremst ein dialogarena der ein arbeider for å auke forståinga for kvarandre og etablere samarbeidsprosjekt til beste for våre felles pasientar.</p> <p>Vedtak:</p> <p>SSU ber alle 26 kommunar til å lage lenker til helsefellesskapssida både på heimesida og på intranettet sitt. Ein bør sjå på korleis ein kan inkludere tiltak knytt til korleis ein skal gjere helsefellesskapet meir kjent både for tilsette og brukarorganisasjonar i Felles handlingsplan for Helsefellesskap Møre og Romsdal. Den skal godkjennast i SSU møtet 14.06.23.</p>	Tanja Thalen - Kommunalsjef Molde og nestleiar i SSU Eli Otterlei – Samhandlingssjef HMR Sissel Ørstavik Aase - Web-ressurs Samhandling HMR
14/23	<p>Orienteringssak med vedtak:</p> <p>Årsrapport helsefellesskapet, 20 minutt</p> <ul style="list-style-type: none"> - Innspel <p>Referat:</p> <p>Det vart nutta 10 minutt på sak.</p> <p>Ein har i hovudsak bygd årsmeldinga for 2022 etter malen frå 2021, men henta inn tilbakemeldingar også frå dei faglege samarbeidsutvala.</p> <p>Det kjem fram spørsmål om ein for seinare årsmeldingar også bør ha med kostnadar og ressursbruk knytt til arbeid i helsefellesskapet i den hensikt å synleggjere også den sida for Partnerskapsmøte.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Strategisk samarbeidsutval(SSU) tek årsrapport for Helsefellesskap Møre og Romsdal 2022 til vitande. Rapporten vert oversend til Partnerskapsmøte for godkjenning.</p>	Bjørn Buan - Samhandlingskoordinator Nordmøre (NIPR) kommuneoverlege Surnadal Kommune Oddvar Marøy - Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre SR og 7 stjerna
15/23	<p>Eventuelt.</p> <p>Sak:</p>	Stian Endresen



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Referat

	<p>Vi har fått innspel om at både kommune og HMR kan bli betre i høve informasjon til pasientar som ikkje snakkar norsk.</p> <p>Bakgrunn:</p> <p>Tall fra IMDI fra høsten 2022 viser at 19 prosent av befolkningen i Norge enten er innvandrere eller norskfødte med innvanderforeldre. Andel er voksende. En del i denne gruppen har begrensa norsk språkkunnskap.</p> <p>Pasientane treng informasjon på eige morsmål og at det brukes tolk. Mange avdelingar er gode på dette og har info skriv på ulike språk, medan andre manglar dette.</p> <p>Referat:</p> <p>Eit eksempel knytt til innkallingar til timar/undersøking på sjukehuset vert lyfta fram. Her kan ein risikere at pasienten må bestille time hos fastlegen for å finne ut kva det gjeld fordi innhaldet i innkallinga ikkje vert forstått.</p> <p>Dette er fyrst og fremst eit leiariansvar som kvar har eit ansvar for i eigen organisasjon. LSUane må gjerne ta dette opp i sine møter der både kommunar og helseføretak deltek.</p>	
	Vel heim!	